



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Kommunedelplan for Dale 2026-2038

Fastsett planprogram

Vedtatt av Fjaler kommunestyre 22.05.2025





Innhold

1. Innleiing	2
1.1. Bakgrunn	2
2. Planområdet	2
2.1. Planavgrensing.....	3
2.2. Demografi.....	3
2.2.1. Utvikling i folketal	4
2.2.2. Aldersfordeling.....	5
2.2.3. Busetnad	6
2.3. Næringsliv	6
3. Føringer og rammer	7
3.1. FNs berekraftsmål.....	7
3.2. Nasjonale føringer og forventningar til kommunal planlegging	8
3.3. Regionale føringer	9
3.4. Kommunal planstatus	9
3.5. Relevant lovverk.....	11
4. Hovudtema for planarbeid	12
5. Vurderingar knytt til konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse	16
5.1. Konsekvensutgreiing	16
5.2. ROS-analyse	18
6. Planprosess	19
6.1. Framdriftsplan	19
6.2. Opplagg for medverknad.....	20
6.3. Politisk og administrativ organisering av planarbeidet	20



1. Innleiing

Ein kommunedelplan er ein geografisk avgrensa plan om arealbruk og samfunnsutvikling i ein bestemt del av ein kommune, jf. plan- og bygningslova § 11-5. Føremålet med dette planprogrammet er å gjere greie for hovudtrekka i det komande planarbeidet, der kommunedelplanen for Dale skal reviderast. Utarbeiding av planprogram i samband med kommuneplan eller kommunedelplan er påkravd etter plan- og bygningslova § 11-13.

1.1. Bakgrunn

Kommuneplanen sin arealdel for Fjaler kommune blei vedteken av kommunestyret i mars 2024 etter mange års arbeid. Arealdelen dekker heile kommunen, bortsett frå Dale der kommunedelplanen frå 2015 framleis gjeld. I kommunal planstrategi for Fjaler kommune går det fram at kommunedelplan for Dale skal reviderast i perioden 2025-2026.

Føremålet med denne kommunedelplan er å legge langsiktige føringar for arealbruk i Dale for dei komande åra. Kommunedelplanen vil bli revidert parallelt med kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei nye føringane frå samfunnsdelen må i størst mogleg grad følgast opp i kommunedelplanen.

Dette planprogrammet fungerer som eit styringsverktøy for vidare arbeid med kommunedelplanen. I planprogrammet blir følgande tema gjort greie for:

- Føremålet med planarbeidet
- Definere planavgrensing
- Tema som skal konsekvensutgreiast og tema som skal vere med i ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)
- Opplagg for medverknad og deltaking
- Utgreiingstema for planarbeidet
- Planprosessen og framdriftsplanen


2. Planområdet

Dale er kommunesenteret i Fjaler kommune og er samstundes den største tettstaden i kommunen. Dale har òg ei viktig rolle som eit regionalt senter i den såkalla HAFS-regionen, eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Som følge er Dale definert som eit senter i eit bu-, arbeids- og serviceområde i den regionale planføresegna om lokalisering av handel i det gamle Sogn og Fjordane fylke.



2.1. Planavgrensing

Det vil ikkje bli gjort store endringar i planavgrensinga samanlikna med gjeldande kommunedelplan frå 2015, med unntak av to små justeringar. I nordaust skal planområdet utvidast slik at heile Einehaugsvegen og området vest for vegen er innanfor planavgrensinga. Lengst sør skal planområdet utvidast slik at heile området langs Elvestien vest for Jarstadbrua skal vere med i planområdet. Elvestien er ein svært mykje brukt turveg blant innbyggjarane i Dale og fungerer òg som ein forbindelse for gåande og syklende frå bustadområda i Bjergelia og Longehogen til Dingemoen. Elles dekker planområdet alle bustadområda, samt alle dei viktigaste servicefunksjonane i Dale.



Figur 1. Forslag til planavgrensing.


2.2. Demografi

Distriktkommunane i heile landet står overfor fleire demografiske utfordringar. Kommunane opplever at folketalet minkar, spesielt blant unge vaksne, samstundes som det er ein aukande del eldre. Nedgangen i talet på personar i yrkesaktiv alder gjer det vanskeleg å oppretthalde eit tilstrekkeleg arbeidskraftgrunnlag. Dette kan påverke både offentlege og private tenester på sikt.




2.2.1. Utvikling i folketal

Figur 2 viser at talet på busette i Dale har stadig auka gjennom 2000-talet, frå ca. 930 innbyggjarar i 2002 til ca. 1230 innbyggjarar i 2023. Samstundes har folketalet i Fjaler kommune gått ned frå 2964 innbyggjarar i år 2000 til 2913 i 2023. Det vil seie at om lag 42 prosent av innbyggjarane i kommunen bur i Dale, samanlikna med 32 prosent for drygt 20 år sidan. Det er ikkje urimeleg å forvente at denne utviklinga vil halde fram i dei komande åra. Dale har den største konsentrasjonen av arbeidsplassar og servicetilbod i kommunen, samt eit breitt utval av fritidsaktivitetar. Likevel har ein dei siste åra observert ein tendens som tilseier at auken i folketalet er i ferd med å stoppe. Figur 2 viser at folketalet begynte å stagnere i 2018 og blei på eit stabilt nivå fram til 2022 og 2023, då folketalet auka noko igjen. Mangelen på ledige bustadtomter og få byggeklare bustadfelt har bidrege til utfordringar i tilrettelegginga for vidare vekst i Dale.



Figur 2. Tal på busette i Dale i perioden 2002-2023. Den raude grafen representerer tettstaden Dale, medan den grøne grafen representerer dei tre grunnkretsane i Dale.

I dei tre grunnkretsane som Dale og omland består av, Bjerga – Borthheim – Jarstad, Dale – Sletteland og Sagevik – Yksnebjør har utviklinga i folketalet gått i forskjellige retningar i dei siste åra (sjå figur 3). Mens folketalet i Dale – Sletteland har stadig auka, har talet på busette i Bjerga – Borthheim – Jarstad gått ned sidan 2018. Sagevik – Yksnebjør såg låg vekst fram til 2022, men dei siste to åra har folketalet gått noko ned.




Figur 3. Tal på busette i grunnkretsane i Dale i perioden 2014-2024.

2.2.2. Aldersfordeling

Dale har ei aldersfordeling som er nokså ulik samanlikna med resten av landet (sjå figur 4). På den eine sida er delen barn og unge relativt høg, med 29 prosent av innbyggjarane som tilhøyrer aldersgruppa 0-19 år, mot 22 prosent på landsbasis. På den andre sida er òg delen eldre høgare enn nasjonalt. Over 16 prosent av innbyggjarane i Dale er over 70 år gamle, samanlikna med 13 prosent på landsbasis. Det betyr at delen vaksne i yrkesaktiv alder (20-69 år) blant innbyggjarane er betydeleg lågare i Dale enn i resten av landet.

Denne aldersfordelinga er utfordrande for kommunen, da ein relativt høg del av innbyggjarane brukar offentlege tenester, samstundes som ein relativt låg del av innbyggjarane er i arbeidsfør alder. Dette understrekar behovet for å tilrettelegge for folkevekst, særleg i aldersgruppa 20-40 år, noko som er eit sentralt mål i kommuneplanen sin samfunnsdel frå 2014.



Figur 4. Aldersfordelinga i Dale (tettstad).

2.2.3. Busetnad

Busetnaden i Dale består i all hovudsak av einebustader, med nokre fleirmannsbustader, rekkehus og leilegheiter i nærleiken av sentrum.

Leigemarknaden i Dale har per i dag svært avgrensa kapasitet, med få tilgjengelege bustader til leige. Dette skapar utfordringar for mange grupper i lokalsamfunnet. Til dømes tilflyttarar, unge vaksne og eldre har ofte eit ønske om å leige i staden for å eige, av ulike grunnar.

Samstundes er det òg eit stort behov for byggeklare bustadtomter. Mangelen på tilgjengelege bustader kan på sikt få negative konsekvensar for næringslivet og kommunen, da det kan gjere det vanskelegare å rekruttere nye tilsette og tiltrekke nye innbyggjarar. Derfor vil det vere viktig å tilrettelegge for eit variert tilbod av bustader i komande planar.

2.3. Næringsliv

Dale har den største konsentrasjonen av arbeidsplassar i Fjaler kommune. Næringslivet er prega av ei blanding av små og mellomstore bedrifter. Historisk sett har Dale hatt relativt stor industriell aktivitet og det er framleis ein del arealkrevjande verksemd, både langs sjøen og i området sør for sentrum, men ikkje i same omfang som tidlegare. Dei viktigaste sektorane innanfor næringslivet i Dale i dag inkluderer:



- **Handel:** Dale har eit relativt høgt tal på butikkar i forhold til innbyggartalet. I sentrum finn ein eit lite kjøpesenter, samt frittstående butikkar og forretningar. Dei seinaste åra har handelen òg spreidd seg i retning Dingemoen.
- **Tenesteyting:** Tenesteyting dekkjer eit breitt spekter av tenester som er viktige for lokalsamfunnet. Hovudområda inkluderer helse og omsorg, utdanning og offentleg administrasjon. I tillegg til offentlege aktørar har nokre bedrifter kontorlokale i sentrum, til dømes innan IKT og kraftproduksjon.
- **Landbruk:** Det er framleis ein del jord- og skogbruk i området som er innanfor planavgrensinga. Landbruket si rolle er viktig både lokalt, men òg nasjonalt for å sikre tilstrekkeleg matproduksjon.

3. Føringer og rammer

Både internasjonale, nasjonale og regionale føringer set rammer for arbeidet med kommunedelplanen. Lokal planlegging er eit viktig verktøy i ei tid der samfunnet blir ramma av store globale utfordringar, deriblant klimaendringar og naturtap. Gjennom klimatilpassing i planlegginga kan kommunane førebygge mot konsekvensane av meir ekstreme vêrforhold, mellom anna kraftig nedbør.

3.1. FNs berekraftsmål

Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Dei nasjonale klima- og miljømåla gjev rammer for planlegginga og er sentrale for at berekraftsmåla kan nåast. Som samfunnsutviklarar og planmynde, er fylkeskommunane og kommunane avgjerande for at vi skal lykkast med å nå måla.

I utgangspunktet er alle FNs berekraftsmål likestilte og ingen mål er viktigare enn andre. Stockholm Resilience Centre har laga ein modell, kalla bryllaupskakemodellen. Denne modellen synleggjer at nokre mål faktisk er viktigare og meir grunnleggande enn andre. Jorda sine tolegrenser gjer at berekraftsmåla som handlar om å ta vare på naturen og miljøet og å stoppe klimaendringane, blir sett først.



Figur 5. Stockholm Resilience Centre sin bryllaupskakemodell.

Mål nr. 17 er spesielt viktig – for å kunne oppnå berekraftig utvikling er ein avhengig av samarbeid mellom styresmakter, næringslivet og sivilsamfunnet.

3.2. Nasjonale føringar og forventningar til kommunal planlegging

Regjeringa legg fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år. Disse har som hensikt å sørge for at kommunane og fylkeskommunane har eit felles grunnlag for planprosessar og at dei nasjonale interessene blir vareteke òg lokalt og regionalt. I dei nasjonale forventningane for 2023-2027 framhevar regjeringa følgjande fem overordna prinsipp:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Andre statlege retningslinjer som blir rekna som viktige for dette planarbeidet inkluderer (lista er ikkje uttømmende):

- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)



- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- Leve med kulturminner (2005)

3.3. Regionale føringar

Den nye regionale planstrategien for Vestland fylke blei vedteken av fylkestinget i desember 2024. Utviklingsplanen har følgende hovudmål og satsingsområde:

- Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn – velferd og verdiskaping
- Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket – demografi og likeverd
- I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga – klima og natur
- Vestland når sine mål gjennom samarbeid og samordning - samarbeid

Andre relevante regionale planar inkluderer:

- Regional transportplan Vestland 2022-2033
- Regional plan for klima 2022-2035 – Vestland fylkeskommune
- Regional plan for folkehelse 2015-2025 – Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Regional planføresegn om lokalisering av handel, Sogn og Fjordane
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027

3.4. Kommunal planstatus

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna styringsdokumentet der mål og strategiar for kommunen si utvikling blir definert. Andre kommunale planar, deriblant denne kommunedelplanen, skal vere i samsvar med hovudtrekka i kommuneplanen sin samfunnsdel. Gjeldande samfunnsdel for Fjaler kommune blei vedteken i 2014. Det vil seie at planen er noko utdatert og at det er behov for å oppdatere planen med nye satsingsområde, hovudmål og strategiar. Dermed vil revisjonen av kommuneplanen sin samfunnsdel gå føre seg parallelt med dette planarbeidet.

I den gjeldande samfunnsdelen er Fjaler kommune sitt overordna mål definert slik:

- Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år, med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025.



Sidan 2014, då planen blei vedteken, har folketalet ikkje utvikla seg slik som det overordna målet i samfunnsplanen lyder. Som tidlegare nemnt, har det vore noko vekst i folketalet i Dale, men elles i kommunen har det vore ein tydeleg nedgang.

Planprosessane er lagt opp slik at kommuneplanen sin samfunnsdel blir vedtatt før kommunedelplan for Dale. Dermed må kommunedelplanen følge opp måla som blir fastsett i samfunnsdelen.

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel blei vedteken i mars 2024 etter mange års arbeid. Den dekker heile kommunen bortsett frå Dale, der kommunedelplanen frå 2015 framleis gjeld. Den nye arealdelen erstatta den gamle og utdaterte arealdelen frå 2009. Dermed har kommunen fått eit godt styringsverktøy for arealbruken i kommunen utanfor Dale. Arealdelen vil ikkje vere direkte relevant for dette planarbeidet, men dei generelle føringane i arealdelen må sjåast i samanheng med kommunedelplanen.

Reguleringsplanar

I samband med revisjonen av kommuneplanen sin arealdel blei alle reguleringsplanar utanfor Dale som er eldre enn 10 år vurdert. Dei som ble vurdert å ikkje oppfylle dagens krav eller som ikkje var i samsvar med kommunale, regionale eller nasjonale interesser og føringar blei oppheva i prosessen. Ei slik gjennomgang vil vere nødvendig òg i Dale, men denne gangen vil alle reguleringsplanar bli gjennomgått, uavhengig av når dei har blitt vedtatt. Følgande reguleringsplanar vil bli vurdert i samband med arbeidet med kommunedelplanen:

- Bjergelia (Prestegarden gbnr 65/3) (1969)
- Hatledalen (1970)
- Dale sentrum nord (1977)
- Kuleberget (1977)
- Longehogen (1981)
- Sjøhaug/Yksnebjørvika (1981)
- Granden (1982)
- Dingemoen/Steia (1989)
- Dale sentrum sør (1996)
- Dingemoen/Steia (1997)
- Hatledalen – Fargareset (1998)
- Del av Dalsøyra (2000)
- Bjerga (2001)



- Bjerga del av gbnr 65/2 (2004)
- Dalsøyra (2004)
- Yksnebjør (2005)
- Dalsfjordsambandet (2008)
- Steien, gnr.: 64 bnr.: 167 (2017)
- Dingemoen skule (2019)
- Steia tun (2019)

Andre kommunale planar

- Trafikktryggleiksplan (gjeldande plan frå 2009, vil bli revidert i 2025)
- Bustadsosial handlingsplan (gjeldande plan frå 2020, vil bli revidert i 2025-2026. Den nye planen skal heite bustadplan.)
- Strategisk næringsplan 2023-2027
- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2022-2026

3.5. Relevant lovverk

Lista er ikkje uttømmende.

- Lov om planlegging og byggsaksbehandling (plan- og bygningslova)
- Forskrift om konsekvensutredninger
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Lov om jord (jordlova)
- Lov om laksefisk og innlandsfisk mv. (lakse- og innlandsfiskeloven)
- Lov om klimamål (klimaloven)
- Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Byggteknisk forskrift (TEK17)



4. Hovudtema for planarbeid

Bustad

Dei siste åra har det vore ein stor mangel på bustader i Dale. Dette har gjort det vanskeleg for tilflyttarar å finne seg ein stad å bu, og kan òg ha bidrege til den låge veksten i folketalet. Samstundes har bustadmangelen ført til store utfordringar for kommunen i samband med busetting av flyktningar.

I den gjeldande kommunedelplanen som blei vedteken i 2015 blei totalt ni nye område avsett til bustad. Av desse er berre eitt område, nemleg B7 Nedre Steia, blitt delvis utbygd. I tillegg har det vore enkelte dispensasjonssaker i andre område. Utbygging i andre område har vore krevjande mellom anna på grunn av behov for omfattande infrastrukturtiltak. Til dømes for å kunne bygge ut områda vest for elva må vass- og avlaupsnett utvidast og oppgraderast, samt at det må etablerast ein forbindelse for gåande og syklande til sentrum.

Det totale talet på bustader som har blitt bygd i løpet av dei seinaste 10 åra er svært lågt. Grunna lite bustadbygging er det viktig å utgreie kvar det er mogleg å finne areal der utbygging kan realiserast på kort sikt. I tillegg til nye område skal det òg utgreiast om det er mogleg å fortette busetnaden i eksisterande bustadfelt.

Ein viktig del av planarbeidet vil vere å systematisk gå gjennom alle områda som blei avsett til bustad i den gjeldande kommunedelplanen. Det er ei klar forventning frå nasjonalt hald at eldre eksisterande arealplanar blir revidert fortløpande. Dersom det er vurdert at utbygging i eit område er lite realistisk eller at utbygginga er i strid med til dømes naturmangfald eller friluftsinnteresser, har kommunane ei plikt å vurdere om det er forsvarleg å vidareføre planføremålet eller om det heller er meir tenleg å tilbakeføre desse til LNF eller grønstruktur.

I samband med medverknadsprosessen skal det utgreiast kva for bustadtypar det er etterspørsel etter. I Dale utgjør einebustader mesteparten av busetnaden, med nokre fleirmannsbustadar, rekkehus og leilegheiter i sentrumsnære område i tillegg. I dag er det få bustadar med såkalla livslaupsstandard, det vil seie bustadar som er aldersvenlege og som er universelt utforma. Fleire nasjonale undersøkingar har vist at mange eldre bur i hus som er dårleg tilrettelagt for alderdom. I samband med at talet på eldre aukar, blir òg behovet for tilrettelagde bustader større dersom det framleis skal vere eit mål at flest mogleg skal kunne bu heime.


For komande bustadområde er folkehelseaspektet svært viktig, da eit godt bumiljø er eit fundament for helse og livskvalitet. Gjennom kommunedelplanen skal det leggest til rette for gode møteplassar som innbyr til liv, leik, samvær og tilhøyrse.



Trafikk


Trafikkbiletet i Dale er tydeleg prega av høg grad av bilbruk. Det finst svært få avgrensingar for kvar det er mogleg å køyre og parkere, noko som bidreg til dårlegare forhold for gåande og syklande. Eit sentralt mål i planarbeidet med den nye kommunedelplanen er å styrke forholda for gåande og syklande i Dale. I samband med dette skal eksisterande gang- og sykkelinfrastruktur kartleggast for å finne ut kvar det er behov for å utvikle gang- og sykkelvegnett. Her skal hovudfokuset vere å legge til rette for trygg skuleveg for barn og unge.

Potensialet for auka gåing og sykling er stort. Avstandane i Dale er korte, og dei fleste funksjonane kan nåast på under 15 minutt til fots frå nesten alle bustadfelta. På sykkel vil desse avstandane opplevast som enda kortare.



Figur 6. Området som kan nåast på under 15 minutt til fots frå Dale sentrum.

For skuleelevar er avstand og tryggleik viktige faktorar som spelar inn i transportmiddelvalet. Dingemoen skule ligg lengst sør, heilt i utkanten av tettstaden, noko som fører til ein lang skuleveg, særleg for elevane som bur vest for Dalselva. Førsteklassingar har rett til fri skuleskyss dersom avstanden mellom heim og skule er meir enn to kilometer. Som det framkjem i figur 7, er det bustadfelta lengst vest, det vil seie Longehogen og Øvre Bjergelia, der elevane har rett til skuleskyss i første klasse. Å legge til rette for ein trygg og forholdsvis kort skuleveg er noko som er ein viktig faktor når nye område blir avsett til bustad.



Figur 7. Området som kan nåast på under 25 minutt (2 km) til fots frå Dingemoen skule.

Når forholda for gåande og syklande blir styrka, er det samstundes naudsynt å stramme inn trafikkbiletet for bilar, særleg i Dale sentrum. Dette kan medføre tiltak som blant anna stenging av enkelte vegstrekningar eller reduksjon av tilgjengeleg parkeringsareal. I tillegg vil det vere viktig å utgreie tiltak som kan bidra til å gjere trafikkbiletet meir oversiktleg i nokre vegkryss, særleg med tanke på trafikksikkerheit.

Gang- og sykkelvegnettet har òg ein viktig funksjon som tilgang til friluftsliv for innbyggjarane. Turmoglegheiter i nærområdet danner ein viktig arena for det generelle folkehelsearbeidet, i forhold til både fysisk, psykisk og sosial helse.

Trafikkarbeidet i samband med kommunedelplanen skal sjåast i samanheng med trafikktryggleiksplanen som skal reviderast parallelt med kommunedelplanen. Her vil det vere aktuelt å samkøyre medverknadsfasen og ta med vidare innspela frå begge prosessar.

Offentlege tenester

I den komande kommunedelplanen skal lokasjonen og arealbehovet for ein ny gravplass og omsorgsbustader utgreiast.

Den eksisterande gravplassen har dårleg kapasitet og det har i fleire år gått for seg ein prosess der fleire lokasjonar har blitt utgreia som potensielle lokasjonar for gravplassen. I førre kommunedelplan blei Vollamyra rett sør for sentrum avsett til gravplass. Seinare vedtok kommunestyret å heller utgreie Øyra som lokasjon til gravplassen. Grunna flaumfare blei denne planen lagt vekk i 2023. Som følge må den nye kommunedelplanen omtale andre potensielle lokasjonar for gravplassen, samt arealbehovet. Her vil tett dialog



mellom administrasjonen, kyrkja og politikarane vere naudsynt for å sikre ein god prosess og sørge for at lokasjonen blir fastslått så fort som mogleg. I kyrkja si uttale til planprogrammet blir arealbehovet rekna til om lag 15-20 mål. I uttalen ber kyrkja at kommunen vurderer følgande område som lokasjon for ny gravplass: Moldbakkane, Bjerga og Dingemoen.

Ei tverrfagleg arbeidsgruppe har kartlagt behovet for omsorgsbustader i Dale. Kartlegginga til arbeidsgruppa vil legge grunnlaget for vidare arbeid der lokasjon og tal på bueiningar vil bli fastslått. I plasseringa av omsorgsbustadene skal det takast særleg omsyn til avstanden til andre sentrumsfunksjonar.

Sentrumsutvikling

Den kommunale planstrategien vedtatt i september 2024 fastslår at arbeidet med ein områdeplan for Dale sentrum skal påbyrjast i 2026.

Kommunedelplanen skal styrkast som eit styringsverktøy for arealbruken i sentrumsområdet inntil ein sentrumsplan er på plass. Det vil vere naudsynt å vurdere om sentrumsføremålet skal brukast i like stor grad som i førre kommunedelplan.

Ein viktig del av sentrumsutviklinga framover er å knytte det eksisterande sentrumsområdet tettare med sjøen. Dette er eit tydeleg ønske frå innbyggjarane si side og noko som mange norske byar og tettstader har jobba med dei siste åra. Gode døme på dette i vår region er Sogndal og Norheimsund der samanhengande stiar langs sjøen har blitt bygd dei siste åra. I Dale vil det vere naturleg å undersøke om ein kan på liknande måte tilrettelegge ferdsel langs sjøen.

Vidare vil det vere viktig å ha fokus på effektiv utnytting av areala i sentrumsområdet. Fortetting kan bidra til å redusere bilbruken og skape meir liv i sentrum.

Samfunnstryggleik

Klimaendringar vil bidra til at framtidens klima blir varmare, villare og våtare. Mange norske kommunar har allereie fått dramatiske konsekvensar som følge av ekstremvêrhendingar dei siste åra. På den eine sida fører auka nedbørsmengder og hyppigare styrtregn til fleire flaumhendingar samt jord- og sørpeskred, mens på andre sida fører lengre hetebølger og varmare temperaturar til tørke og skogbrann.

Gjennom god arealplanlegging kan kommunane redusere risikoane knytt til ekstremvêr. Nye bustadfelt skal ikkje avsettast i område det er høg risiko for ulike hendingar knytt til naturfarar. Det skal òg takast høgde for at faresoner kan bli utvida i framtida. Samstundes er det behov for tiltak for å beskytte eksisterande bygningar. Dette kan til gjerast gjennom å



bruke naturbaserte løysingar for å handtere overvatn. Naturbaserte løysingar inneber at naturlege eigenskapar brukast for å dempe og motvirke uønskte hendingar. Til dømes kan flaumutsette område aktivt brukast til rekreasjon og andre fritidsaktivitetar sjølv om desse områda ikkje eignar seg til bustadbygging. Gjennom planen kan det leggjast føringar for handtering av overvatn.

Naturfarekartleggingar er viktige i arbeidet med å avdekke kvar uønskte hendingar knytt til naturfarar kan oppstå. I Dale har det blitt føretatt kartleggingar i område der det er førekomstar av kvikkleire. Det vil vere viktig å fortsette med å kartlegge område som kan vere utsett for forskjellige typar av naturfarar.

5. Vurderingar knytt til konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

Dersom nye område skal utviklast eller eksisterande område fortettast, må konsekvensane for helse, miljø og samfunn vurderast i samsvar med krava i plan- og bygningslova (KU-forskrifta). Det skal òg gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) av arealendringa, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

5.1. Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga skal dekkje tema som kommunen ser på som relevante for avgjerder om arealbruk på overordna nivå i Dale. Dette inneber å vurdere om områda er eigna for auka utnytting eller andre arealformål, samt analysere den samla effekten av arealbruksendringa. Det vil bli utarbeidd eit arealrekneskap som samanstillar arealinformasjon og viser endringar i arealbruk frå gjeldande kommunedelplan.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere tilstrekkeleg for alle utgreiingstema bortsett frå naturmangfald, der ytterlegare kartleggingar må føretakast.

I tabellar under er utgreiingstema og eksisterande kunnskapsgrunnlag og kjelder gjort greie for.

Utgreiingstema KU – natur og miljø	Kunnskapsgrunnlag / kjelde
Naturmangfald	Naturbase kart (Naturtyper, naturmangfold, arter og artsforvaltning) Artsdatabanken Fiskeridirektoratet sin database NGU (Geologisk arv og berggrunn) Vannmiljø (Miljødirektoratet)



	Vann-Nett
Friluftsliv og rekreasjon	Naturbase kart Turrutebasen (Geonorge)
Landskap	Naturbase kart Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke Kilden - NIBIO
Naturressursar (jord- og skogsressursar, landbruk, fiskeri og mineralressursar)	Naturbase kart AR5
Forureining (støy, luftforureining, forureining av grunn)	Støysoner for riks- og fylkesvegar Retningslinje for støy i arealplanlegging Grunnforurensning (Miljødirektoratet)
Klimagassutslepp	Regional plan for klima (Vestland fylkeskommune) Arealrekneskap for Vestland
Strandsone	Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Utgreiingstema KU - samfunn	Kunnskapsgrunnlag / kjelde
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden Sefrak-registret Kulturminneplan for Fjaler
Transport, infrastruktur og energibruk	Statens vegvesen – vegkart Skyss
Folkehelse og universell utforming	Rettleiar for universell utforming i planlegging
Samfunnstryggleik	Rettleiar for samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging Rettleiar for havnivåstigning og høye vannstander FylkesROS for Vestland Klimaprofilen for Sogn og Fjordane NVE Kartkatalog Heilskapleg ROS-analyse for Fjaler kommune
Lokal utvikling	Kommuneplanen sin samfunnsdel
Barn og unges oppvekstvilkår	



Kriteria og utgreiingsmetoden som blir lagt til grunn er tilpassa planarbeidet og bygger på Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar og Statens vegvesen si handbok V712 om konsekvensanalysar.

5.2. ROS-analyse

ROS-analysen skal identifisere risiko- og sårbarheitsforhold som er viktige for forslaga til arealbruk. Basert på ROS-analysen skal kommunen vurdere tiltak som omsynssoner og føresegner for å redusere risiko og sårbarheit, og hindre skade og tap. Dette betyr at geografiske område med mogleg fare skal merkast i kart som omsynssoner. I tilhøyrande føresegner skal kommunen angi korleis desse områda skal handterast i vidare planlegging. Kommunen skal sjå resultatata frå ROS-analysen i samanheng med dei nemnde utgreiingstema og konsekvensutgreiinga elles.

Tema som skal inngå i ROS-analysen inkluderer mellom anna:

- Store ulykker
- Overvatn
- Flaum i vassdrag
- Skred i bratt terreng
- Kvikkleireskred
- Stormflo i kombinasjon med havnivåstigning
- Skog- og lyngbrann (tørke)



6. Planprosess

6.1. Framdriftsplan

Framdriftsplanen som kan sjåast i tabellen under viser dei viktigaste fasane i planarbeidet.

Framdriftsplan – kommunedelplan for Dale	2024				2025												2026												
	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	
Planprogram:																													
Vedtak av kommunal planstrategi	█																												
Utarbeiding av planprogram	█	█	█																										
Politisk handsaming av forslag til planprogram				█																									
Medverknad				█	█	█																							
Høyring og ettersyn av planprogram				█	█	█																							
Fastsetting av planprogram								█																					
Planforslag:																													
Utarbeiding av planforslag og fagutgreiingar				█	█	█	█	█	█	█	█	█	█	█	█	█	█												
Politisk handsaming av planforslag																		█											
Høyring og ettersyn av planforslag																		█	█										
Medverknad																		█	█										
Revisjon av planforslag																			█	█	█	█							
Politisk handsaming av revidert planforslag																									█				
2. gongs høyring og ettersyn																										█	█		
Vedtak av kommunedelplan:																													
Slutthandsaming i kommunestyret																													█



6.2. Opplegg for medverknad

Dei formelle krava til planprosess, inkludert medverknad, er definert i plan- og bygningslova §§ 5 og 11. Både offentlege styresmakter, grunneigarar i eit planområde samt andre aktørar som det gjeld, har rett til å bli høyrd i planprosessen.

I dette planarbeidet vil hovudtyngda av medverknadsaktivitetar finne stad i samband med høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet. Brei medverknad i denne fasen vil forhåpentlegvis bidra til at det kjem inn mange innspel som kan nyttast seinare når sjølve planforslaget blir utarbeidd. I tillegg leggast det opp til medverknad når planforslaget blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Følgande medverknadsmetoder kan bli brukt i planarbeidet (lista er nødvendigvis ikkje uttømmende):

- Folkemøte
- Digital spørjeundersøking
- Open kontordag på Fjalerhuset
- Arbeidsmøte med kommunale instansar (t.d. kommunale råd) og andre relevante grupper
- Planverkstad på skulane og Barnetråkk på Dingemoen skule
- Regionalt planforum med Vestland fylkeskommune

6.3. Politisk og administrativ organisering av planarbeidet

Administrativ organisering

Planarbeidet blir organisert internt i kommuneadministrasjonen. Ved behov vil det vere mogleg å leige inn eksterne konsulentar, til dømes ved utarbeiding av fagutgreiingar og illustrasjonar.

Det er etablert eit administrativt planforum. Dette vil hjelpe oss til å forankre planen på tvers av einingane.

Aktuelle tenesteområde i kommunen vil bli involvert i planprosessen. Arbeid med andre relevante planar, deriblant kommuneplanen sin samfunnsdel og trafikkisikkerheitsplan vil bli samkøyrd til så stor grad som mogleg saman med kommunedelplanen.

Politisk involvering og deltaking

Kommunestyret er det politiske organet som har ansvaret for å vedta ein kommunedelplan. Derfor vil det vere naturleg å involvere kommunestyret i utarbeidinga av planen for å sikre eit godt eigarskap til planen. Involveringa vil bli realisert gjennom oppdateringar i



kommunestyret undervegs i planprosessen og medverknadsaktiviteter som til dømes planverkstad. For å sikre brei politisk forankring blir forslaget til planprogrammet og forslaget til sjølve planen handsama av kommunestyret.

Vi vil også involvere formannskapet som er kommunen sitt planutval.



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Fjaler kommune

Dalstunet 20

6963 Dale i Sunnfjord

Heimeside: <https://www.fjaler.kommune.no/>

